

SAK 14/23 ÅRSBUDSJETT 2024 OG ØKONOMIPLAN 2024 - 2027

Saksopplysning:

Regionrådet utarbeider kvart år eit driftsbudsjett og ein økonomiplan for den kommande fireårsperioden. Årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast av Hallingtinget. Bakgrunn for økonomiplanen er årsbudsjett 2023, rekneskap for 2022 og vedtak fatta i driftsåret 2023.

Driftsbudsjettet for 2024

Driftsbudsjett 2024 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2022, budsjett for 2023 og og aktivitetar og prioriteringar som er gjort i strategisk plan eller gjennom andre saker det er fatta vedtak om i dette driftsåret.

I løpet av det siste året har både seniorrådgjevar, økonomikonsulent og ein prosjektleiar slutta i regionrådet. For å erstatte desse har me fått inn ein ny medarbeidar som jobbar med regional utvikling, økonomi og regneskap er fordelt til Ål kommune og Gol kommune, medan andre oppgåver er fordelt på anna vis.

Regionalutviklaren er halvvegs finansiert av kommunane og vart innarbeid i budsjettet i 2023. I tillegg har administrasjonen i 2023 fått inn to stillingar som jobbar med klima, berekraft og sirkulærøkonomi. Den eine er ei fast stilling 50% finansiert av kommunane, den andre er ei prosjektstilling finansiert av Viken fylkeskommune. Frå nyttår vil regionrådsadministrasjonen få tilført endå ei stilling som skal jobbe med «Reine elver» Denne er 100% finansiert utanfrå og vil ikkje belaste driftsbudsjettet.

Stilling	Stillingsprosent	Kommunal finansiering	Anna finansiering	Merknad*
Dagleg leiar	100%	100%		
Regionalforvaltar	100%	65% HUR*	35% prosjekt	15% HUR
Programleiar SPH	100%		100% prosjekt	kommunane bidreg i prosjektet
Klimakoordinator	100%	50%	50% prosjekt	Restmidlar frå Viken + bunde fond
Sirkulærøkonomi	100%		100% prosjekt	Viken fylkeskommune
Reine elver	100%		100% prosjekt	Plastposefond og SB1 stifelsen

Strategisk plan for Hallingdal:

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Dette arbeidet var finansiert med 1,2 mill i 2023, for å finansiere stillinga som regionalutviklar. Tidlegare har strategisk plan vore finansiert med kr. 800 000 frå kommunane, og har vore uforandre i mange år. No er det to tilsette i Regionrådet som er delvis finansiert av kommunane og delvis frå prosjekt, eigninnsats, eller fondsbruk. For å få til ei meir realistisk budsetting på desse to stillingane vil d dagleg leiar foreslå å sette av kr 900 000 til gjennomføring av strategisk plan i 2024.

Erfaringsmessig hentar me ut i underkant av 1 mill pr.år, frå andre aktørar til ulike tiltak som står i Strategisk plan. I 2024 blir dette beløpet større fordi me har fleire stillingar inne i Hallingdal berekraft, finansiert av fylket, fond og stiftingar. Dette blir lagt inn i budsjettet og regneskapsført, men belastar ikkje kommunane. Totalt er det for 2024 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 500.000.

Tilskot frå kommunane, inkl finansiering av Strategisk plan Hallingdal og «Ungt Entreprenørskap» er budsjettert med kr. 3.800.000, som er ei auke på 1,33 % frå 2023.

Disposisjonsfond:

1. januar 2023 var disposisjonsfondet på kr. 822 513,44.

Ved regnskapsavslutning i 2023 vedtok Hallingtinget i sak 4/23 at underskotet på kr. 35 904,21 frå 2022 blir dekket av disposisjonsfondet.

I tillegg vedtok Regionrådet for Hallingdal i sak 44/22 ei løyving på kr. 400 000 til økonomisk støtte til husleige og utstyr i samband med oppstart av sjukepleiarutdanninga på Torpomoen. Løyvinga skulle dekkast av disposisjonsfondet.

Disposisjonsfond 1/1 2023	kr. 822 513
Vedtak 04/23	kr. 35 904
<u>Vedtak 04/23</u>	<u>kr. 400 000</u>
<u>Disposisjonsfondet i dag</u>	<u>kr. 386 609</u>

Hallingtinget har tidlegare rådd til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året for å kunne dekke oppdukkande behov som ikkje er budsjettert.

Dagleg leiar foreslår ei gradvis oppbygging av disposisjonsfondet og at det i 2024 blir sett til kr 700 000 og at det blir tilført midlar frå kommunane og frå bunde fond på denne måten:

Disposisjonsfond i dag	kr 386 609
Kommunalt bidrag	kr 113 391
<u>Føre over frå bundne driftsfond (høgskuletilbod obj 824)</u>	<u>kr 200 000</u>
<u>Foreslått disposisjonsfond frå 1. januar 2024</u>	<u>kr 700 000</u>

Med dette forslaget blir den totale auken for kommunane omlag 4,3%

Samandrag økonomiplan 2024 – 2027

TILTAK	2024	2025	2026	2027
Driftsbudsjett	3 750 000	3 850 000	3 950 000	4 050 000
Tiltak Strategisk plan (ordinær løyving)	900 000	900 000	900 000	900 000
Disposisjonsfond	113 391	0	0	0
Tiltak Strategisk plan	2 400 000	1 600 000	900 000	900 000
SUM	7 163 391	6 350 000	5 750 000	5 850 000

Finansiering

TILTAK	2024	2025	2026	2027
Kommunane, driftsbudsjett	2 900 000	3 000 000	3 150 000	3 250 000
Eigeninnsats	500 000	500 000	500 000	500 000
Renter	350 000	350 000	300 000	300 000
Kommunane, disposisjonsfond	113 391	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan	900 000	900 000	900 000	900 000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	2 400 000	1 600 000	900 000	900 000
SUM	7 163 391	6 350 000	5 750 000	5 850 000

Forslag til vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
 - a. driftsbudsjettet 2024 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 900 000
 - b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
 - c. oppbygging av disposisjonsfondet med ei kommunal finansiering på kr. 113 391Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 913 391 som er ei auke for kommunane med 4,35%
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2024 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2025. Ein rår til at disposisjonsfondet blir tilført kr 113 391 frå kommunane og kr. 200 000 frå bunde fond (høgskuletilbod obj 824) for å koma opp til kr. 700 000
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2024 – 2027.

Hallingdal 18. nov 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2024.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2024

Vedlegg 1:
REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2024

ADMINISTRATIV DEL OBJ 892

KONTO	TEKST	BUDSJETT FOR 2024	BUDSJETT FOR 2023	REKNESKAP FOR 2022
10100	Løn	1 760 000	1 600 000	2 136 000
10900	Pensjon	290 000	265 000	594 289
10990	Arbeidsgjevaravgift	220 000	204 000	289 697
11000	Kontormateriell	5 000	5 000	1 317
11501	Beverting	10 000	10 000	6 577
11209	Andre utgifter (inkl annonser)	10 000	10 000	585
11300	Porto	1 000	1 000	1 052
11301	Telefon	5 000	5 000	3 627
11402	Profilering	5 000	5 000	0
11500	Kurs, konferansar inkl.11950	10 000	10 000	14 855
11600	Reiseutgifter, adm. Inkl.11702, 11703	30 000	30 000	23 672
11900	Husleige	90 000	90 000	55 584
11951	Lisensavgifter inkl 11953	70 000	70 000	71 572
12000	Inventar og utstyr inkl.12002	10 000	10 000	11 537
12700	Konsulenttenester regnskap	260 000		
13750	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	60 000	60 000	30 300
SUM ADMINISTRATIV DEL		2 836 000	2 375 000	3 240 664

POLITISK DEL OBJ 891

10800	Godtgjersle leiar	60 000	48 000	48 000
10801	Møtegodtgjersle	40 000	30 000	40 800
10990	Arbeidsgjevaravgift	10 000	7 000	9 521
11151	Beverting	100 000	70 000	129 781
11209	Ymse utgifter Regionrådet	18 000	17 000	7 987
11600	Reiseutgifter inkl.11703 og 11900	140 000	40 000	164 747
11950	Kontingent Fjellregionsamarbeidet 889	60 000	57 000	57 000
12700	Konsulenttenester og juridisk bistand	0	0	-100 000
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
	Drift Hallingdal Ungdomsråd 876	180 000	120 000	120 000
	Ungt entreprenørskap 836	300 000	300 000	300 000
SUM POLITISK DEL		914 000	695 000	783 836
TOTALE KOSTNADER		3 750 000	3 070 000	4 024 500

INNTEKTER

17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	2 600 000	2 250 000	2 026 668
12700	Eigeninnsats prosjekt, refundert	500 000	400 000	400 000
12700	Lønnsutgifter næringsfond			419 100
19000	Renter av bankinnskott	350 000	120 000	476 049
17500	Tilskot kommunane Ungt entreprenørskap	300 000	300 000	300 000
19500	Bruk av bunde fond	0	0	402 683
SUM INNTEKTER		3 750 000	3 070 000	4 024 500

Vedlegg 2:
**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, FORDELING AV
KOSTNADER FOR 2023**
FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % flat fordeling

70 % etter folketal (utgang 2. kvartal 2023)

BUDSJETT 2 900 000
FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2023

BUDSJETT 900 000
DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal utgang 2. kvartal 2023

BUDSJETT 113 391
KOSTNAD PR. KOMMUNE:

Kommune	Innb.	1.1-30.6	1.7-31.12	Drift	SPH	Disp.Fond	Totalt	Totalt
							2024	2023
Flå	1097	124 868	124 868	249 737	46 435	5 850	302 022	283 223
Nesbyen	3300	230 035	230 035	460 069	139 686	17 599	617 354	597 667
Gol	4812	302 214	302 214	604 428	203 687	25 663	833 778	803 346
Hemsedal	2650	199 005	199 005	398 010	112 172	14 133	524 315	499 893
Ål	4870	304 983	304 983	609 966	206 142	25 972	842 080	799 778
Hol	4533	288 895	288 895	577 790	191 878	24 175	793 843	766 093
SUM	21262	1 450 000	1 450 000	2 900 000	900 000	113 391	3 913 391	3 750 000